

## Må betala for spesialteneste

Jondal kommune må betala 113.307 kroner per måned til Helse vest-Krævet om kontobetalinga skuldast at kommunane skal betala ein del av kostnaden med spesialhelsetenesta etter årsskiftet. Helseidrettkorarat har rekna ut summen etter statistikken for siste delen av 2011.

## Tillit og kontroll

Det finst ikkje noko som tyder på at tilsette i Jondal kommune har gjort seg skuld i ureglementær omgang med offentlege pengar eller arbeidstid, skriv rådmann Siv Helle Prestegard til Indre Hordaland revisjonsdistrikt.

Revisjonen har bede Jondal kommune gjera greie for korleis ein førebysgjler risikoen for økonomisk misleghald. Rådmannen påpeikar at det er ei tilfellsak at tilsette ikkje skal nytta arbeidstida til å gjera private oppgaver eller ta meir fri enn dei har rett til. Ho vurderer risikoen som liten, men framhevar at kommunen har rutinar for å kontrollera tilvisingar, reiseretknningar og liknande.

## Klagar på ureining

Ragnhild Gangdal og Lars Brubak på Torsnes meiner drivninga av tunnelen til eit nytt kraftverk på Torsnes ureinlar både lufta og sjøen. I eit brev til Fjellkraft Torsnes AS krev parret dokumentasjon av renovasjonsordninga i anleggsperioden og dei siste tre åra. Dei lurar på om det ved eit par høve er brent farleg avfall i det gamle industriområdet fordi dei fekk hovudverk av røyken.

# Leverte meir fisk enn venta

Fiskarar som nytta seg av fraktilbodet til samvirkelaget Fiskfråfjorden, leverte 115,6 tonn fisk og skaldyr frå Hardangerfjorden i 2011.

LARS ARVID OMA

– Dette resultatet er me godt nøgde med. Budsjettet for prøvetåret 2011 tok utgangspunkt i ein fangst på 100 tonn, så dette lovar godt, seier styreleiar Frode Strønen.

Hadde ikkje stormen Berit og "systrene" hennar laga trøbbel, kunne fiskarane ha klara endå meir. I november var prognosen 120–130 tonn, men stormane sette kjeppar i hjula for fisket i slutspurten.

Fisket føregår på strekkja Ålvik–Halsnøy. Fisken vert henta på fleire stader og levert med bil til Nordhordland fisk AS.

## Forventar auke

Ifølgje Strønen vil truleg fleire båtar bruka tid på fortdfiske når det no er mogeleg å levera fisk på skapeleg vis. Fleire har investert i gammlegging på båtene i haust.

– Med bakgrunn i resultatet frå 2011 har me budsjettert med 150 tonn i 2012. Sjølv om det er ein auke på nesten tretti prosent, reknar me det som forsiktig budsjettering, seier Strønen.

Fangstleveringsordninga gjennom Fiskfråfjorden gjev fiskarane høve til ein samla omsetnad på to millionar kroner, fordelt på ti-elleve fiskarar. Dette er eit supplement til anna fiskeri yrkesfiskarane på fjorden driv med.

Nokre er meir aktive enn andre. Strønen reknar med at den ivrigaste fiskaren leverte råvarer for



Fjordstjarte: Ti-elleve sjarkfiskarar har vore i sving på strekkja Ålvik–Halsnøy i 2011.

300.000 kroner i 2011.

## Klippfisk

Strønen fortel om gode fangstar, heilt opp mot to tonn. Mest seier og lyr, stort sett av god kvalitet, vert fanga. Men også i haust har fiskarane vore plagda av såkalla "pellessei", sei som har feita seg opp på laksefôr på avvegar. Dette gjer fisken mellom anna ueigna til filetering. Difor har mottaket fått reklamasjon frå ein importør i Brønnøysund.

Det er vanskeleg å sjå at kjøtet spaltar seg før han vert filetert. Kjøtspaltninga kjem av laksefôret.

No vert sei som har preg av å ha eite laksefôr, salta til klippfisk i Ålesund for å verta "bergå".

– Men fiskarane får berre halv pris for "pellesseien" og tapar tusenvis av kroner på det, noko oppdrattarane ikkje erstattar, seier Strønen.

Han meiner lakseoppdrattarane, Mattilsynet og fiskeriforvaltninga må ta ansvar og sørgja for at all sjømat frå fjorden held optimal kvalitet.

## Kortreist og miljøvenleg

– Kva reknar Fiskfråfjorden med å levera på lengre sikt?

– Slik det ser ut no, reknar me med å kunna levera 150–200 tonn råvarer frå Hardangerfjorden året, seier Strønen.

– Eg trur me har funne fram til ein modell som fungerer og som kan halda oppe yrkesfisket i fjorden. Fiskarane får levera lokalt, noko som gjev betre lønsemd og høve til ein meir normal arbeidsdag, seier han.

Sjølv om det vert nytta bilttransport til Nordhordland, er fisken frå fjorden framleis kortreist og vert rekna for å verta "jagdiesel-fisk" samanlikna med vanleg trållartorsk. Ifølgje Strønen vert

det bruka mellom 0,04 og 0,05 liter diesel per kilo fisk frå Hardangerfjorden. Miljøstempla trållartorsk "brukar" om lag ein liter diesel per kilo.

– Små sjarkar brukar lite diesel, og transporten på vegane er kort samanlikna med til dømes råvarer som er fiska med trålar og vert frakta frå Finnmark til fiskemarknaden i Oslo, seier Strønen.

Han håpar Fiskfråfjorden kan føra til at det vert fleire lokale fiskarar i fjorden.

oma@hf.no

## FLOD OG FJØRE

Tysdag 17. januar	Flod	04.57 – 17.21
	Fjøre	10.46 – 23.43
Onsdag 18. januar	Flod	06.02 – 18.35
	Fjøre	12.10
Torsdag 19. januar	Flod	07.17 – 19.57
	Fjøre	01.03 – 13.39
Fredag 20. januar	Flod	08.31 – 21.09
	Fjøre	02.18 – 14.53
Temperaturane på Kaldestad i veke 2:	Minimum	-0,8
	Middel	1,2
	Maksimum	5,5

## ANNONSAR

Næringsannonser:  
Sjå annonseprisar på hf.no og ring eller send e-post for tinging.

Privatannonser (kan tingast på hf.no):  
Rubrikk 1 (16 mm høgt) kr. 110,- inkl. mva.  
Rubrikk 2 (34 mm høgt) kr. 220,- inkl. mva.

## ANNONSEFRISTAR

Måndag og torsdag: kl. 09.00  
Fredag og onsdag: kl. 12.00 for annonser som er større enn modul 22 og for annonser med korrektur



Hordaland Folkeblad

## Postadresse:

Boks 94  
5601 Norheimsund  
Avisa kjenn ut tysdag og fredag.  
Telefonnummer 56 55 00 20  
Faksnummer 56 55 00 21  
Tiltelefonnummer 90 13 11 88

## E-postadresser:

Forretningsavdeling: annonse@hf.no  
Redaksjon: redaksjon@hf.no

## Kontaktinformasjon:

Dagleg leiar Camilla Skaar:  
56 55 00 20 / annonse@hf.no  
Journalist Lars Arvid Oma:  
56 55 00 22 / oma@hf.no  
Redaktør Asmund Soldal:  
56 55 00 24 / soldal@hf.no  
Journalist Karine Heigheim:  
56 55 00 25 / heigheim@hf.no  
Journalist Sigbjørn Linga:  
56 55 00 26 / linga@hf.no

## Produksjon/sas:

Øystese Trykkeri AS  
Tlf. 56 55 36 50  
Faks 56 55 51 90  
Trykke- og medietrykk: 5257 Kokstad

## Bladpengar:

Ordinær pris: kr. 680 per år  
Studentpris: kr. 35 per måned  
Bank giro:  
3530.05.00275  
3530.21.03109 (berre bladpengar)

Tips HF! SMS: Skriv <tipsht> fyrst i meldinga og send til 2097. MMS: Skriv <tipsht> i emne-feltet og send til 2097. Tenesta kostar ei krone.